



Eams

# Møteprotokoll for Valstyret

**Møtedato:** 13.09.2021  
**Møtestad:** Kommunehuset Frekhaug  
**Møtetid:** 21:00 - 23:30

| Frammøtte medlemmer    | Parti | Rolle        |
|------------------------|-------|--------------|
| Sara Hamre Sekkingstad | SP    | Ordfører     |
| Øyvind Oddekvalv       | AP    | Varaordfører |
| Jostein Hellestveit    | SP    | Medlem       |
| Thomas Larsen          | H     | Medlem       |
| Nina Stabell Øvreås    | FRP   | Medlem       |
| Nina Bognøy            | AP    | Medlem       |
| Asle Hetlebakke        | KRF   | Medlem       |
| Morten Klementsens     | UAVH  | Medlem       |
| Terje Sletten-Hansen   | UAVH  | Medlem       |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  |
|---------------------------|-------|--------|
| Nils Marton Aadland       | H     | Medlem |
| Astrid Aarhus Byrknes     | KRF   | Medlem |
| Maria Færø                | UAVH  | Medlem |
| Leif Johnsen              | MDG   | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer:  | Parti | Erstatter medlem      |
|---------------------------|-------|-----------------------|
| Ingrid Fjeldsbø           | H     | Nils Marton Aadland   |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF   | Astrid Aarhus Byrknes |

**Følgjande frå administrasjonen møte:**  
Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær

## Sakliste

| Saknr  | Tittel                                |
|--------|---------------------------------------|
| 021/21 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 022/21 | Godkjenning av møteprotokoll          |
| 023/21 | Vert lagt fram for valstyret i møte   |

**021/21: Godkjenning av innkalling og saksliste  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Valstyret 13.09.2021:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**VAL- 021/21 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**022/21: Godkjenning av møteprotokoll**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Valstyret 13.09.2021:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**VAL- 022/21 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**023/21: Vert lagt fram for valstyret i møte**

**Valstyret 13.09.2021:**

**Handsaming:**

Lagt fram for valstyret i møte:

- 6 røystesetlar fra førebels opptelling ordinære føreh.røyster. Alle mangler stempel. De er veljarar som har lagt setelen i urna før den vart stempla, har gått i avlukke og funne ny setel som vart stempla.  
Alle vart forkasta.
- Brevstemmer, 5 stk., viser tydeleg kva parti dei gjev røysta si.  
Alle godkjent.
- Røystegjevingar (i konvolutt) som ikkje er norske statsborgarar.  
Alle forkasta
- Røystegjevingar, valting, manntalsførde i andre kommunar.  
Alle forkasta

Totalt forkasta røystegjevingar, derav ei feilsendt. 36 stk.

Saker lagt fram for valstyret vart samrøystes vedteke som det kjem fram under handsaming.

**VAL- 023/21 Vedtak:**

Saker lagt fram for valstyret er vedteke som det kjem fram under handsaming.